



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 11.12.2025
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:20
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Elisabeth Hålien
Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli
Tom Kjetil Tørstad
Kristin Bakke Lajord
Marit Andrisdotter Kvam

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
BIV
SP
SP

Forfall

Erlend Eggen
Ingvild Oldre Heggom

Parti

MDG
SP

Varamedlem møtte

Björn Nylander
Camilla Bjone Hålien

Parti

MDG
SP

Møtenotater:

Underhaldning frå kulturskulen

Orientering om resipientkartlegging av Begnavassdraget i samband med sak om vassmiljøplan, ved etat for landbruk og teknisk

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
072/25	Godkjenning av møteprotokoll
073/25	Spontanspørjetimen
074/25	Busetting av flyktningar 2026
075/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
076/25	Reglement for finansforvaltning i Vang kommune
077/25	Deltakelse forsøksordning førstegangsetablerarar startlån fra Husbanken
078/25	Innfriing av sertifikatlån - ekstraordinært avdrag
079/25	Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune
080/25	Temaplan vassmiljø - sluttbehandling
081/25	Sluttbehandling - Detaljregulering for Målnes - planid 2023004
082/25	Fiskefondet for Bygdin - overføring av fond
083/25	Søknad om status som nasjonalparkkommune - Vang kommune.
084/25	Møteplan kommunestyret og formannskapet 2026
085/25	Val av nytt medlem til kontrollutvalet
086/25	Søknad om fritak frå politiske verv
087/25	Val av ny varaordfører og utvalsmedlemar
088/25	Samlesak for referatsaker

072/25 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Kommentar til Fossebergsaka sak 25/62 frå Steiar Frøyen: det må gå tydeleg fram av protokollen at det var to forslag lagt fram av kommunedirektøren.

Framlegg til vedtak med kommentar: Samrøystes vedteke

KS - 072/25 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent med merknad frå Steinar Frøyen

073/25 Spontanspørjetimen

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Asgrim Opdal (BIV)

Etterlyser svar stilt i møte 18.september:

Svar på spørsmål om terapibassenget fungerer etter føremålet - må folk fortsatt reise på Beitostølen?

Evalueringsav næringsfondet og planen vidare?

Svar får kommunedirektøren:

Terapibassenget:

- Skula disponerer bassenga i skuletida.
- Offentleg bading 2 gonger i veka.
- Fjellblom IL 1 gong i veka.
- Bading med revmatismeforeninga 1 gong i veka.
- Fysioterapeutar og frisklivsretteleiar har reservert tid for å bruke bassenget på dagtid.
- Tilrettelagte tenester og vaksenopplæringa har også tilgang til bassenget på dagtid.
- I tillegg er terapibassenget tilgjengeleg for alle som ynskjer det på dei dagane det er offentleg bading.

Me har ikkje tal (kr/øre) på bruk av basseng på Beitostølen tidlegare og no. Det var nok enkelttilfelle av bruk av BHSS i kommunal regi tidlegare. Det har me ikkje hatt etter at terapibassenget vart opna. Det har vore ein dialog mellom brukarar og tildeling av tid, til dømes mellom VBU og brukarar innan helse og omsorg. Denne fordelinga har kome på plass. Det betyr at terapibassenget fungerer etter intensjonen innan kommunal verksemd, og at BHSS ikkje brukast av tenester i kommunen no.

Det er ressurskrevjande med drift og vedlikehald av terapibassenget. Kommunen kontrollerer jamleg vasskvaliteten i bassenget. Om denne ikkje er innafor minimumskrava blir bassenget stengt for å få gjennomført kloring og reinsing. I tillegg har damp frå bassenget og det fuktige miljøet i rommet stor verknad på elektrisitet og materialar.

Evalueringsav næringsfondet og planen vidare

Svar i neste møte

Vidar Eltun (AP):

Status vatn og avlaup i sentrum

Svar får kommunedirektøren: Det kjem ei orientering om saka i kommunestyret i februar

KS - 073/25 Vedtak:

074/25 Busetting av flyktningar 2026

Framlegg til vedtak:

Vang kommune kan busette 15 flyktningar i 2026. Administrasjonen fremjar ny sak, dersom det blir nødvendig å auke antallet busettingar i løpet av 2026.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 074/25 Vedtak:

Vang kommune kan busette 15 flyktningar i 2026. Administrasjonen fremjar ny sak, dersom det blir nødvendig å auke antallet busettingar i løpet av 2026.

075/25 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret i formannskapsmøtet 27. november 2025

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029 med rammevedtak på etatsnivå og investeringsbudsjett i sin heilheit.
2. Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2026 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.
3. Kommunestyret vedtek ei låneramme for 2026 på 23.170.000 kr og 5.000.000 kr i startlån i Husbanken.
4. Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 3 c. Eigedomsskatten skal vera 7 promille av takstverdet, jf. § 11 fyrste avsnitt.
5. Kommunestyret vedtek at ordning med tilskott til bustadbygging blir opphøyrte frå og med budsjettåret 2026.
6. Kommunestyret vedtak av avslutte - Støtteordning for naturfare frå og med budsjettåret 2026 ref. k.sak. 022/25, vedtak 022/25 og 25/126 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025
7. Kommunestyret vedtek avslutte ordning med støtte til private vegar, FS saksnr. 27/94. [24/149 Tilskot til private vegar](#)[Tilskot til private vegar](#)
8. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei utgreiing av alternativer for organisasering av dagens hovudutval (både HUU og HUL). Utgreiinga skal vurdere:

- Ei eventuel avvikling av hovudutvala, og konsekvensane av dette.

Organisatoriske endringar som kan bidra til betre funksjon, auka effektivitet og meir optimal utnytting av tilgjengelege ressursar.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret , fremja av ,

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029 med rammevedtak på etatsnivå og investeringsbudsjett i sin heilheit.
2. Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2026 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.
3. Kommunestyret vedtek ei låneramme for 2026 på 23.170.000 kr og 5.000.000 kr i startlån i Husbanken.
4. Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 3 c. Eigedomsskatten skal vera 7 promille av takstverdet, jf. § 11 fyrste avsnitt.
5. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordning for bustadformål. Formannskapet gis fullmakt til å revidere retningslinja for tildeling.
Post 5 under Næring og bustadtiltak, ansvar 50, ramme for tilskott etter søknad: Det settast av totalt 5 000 000 kr fordelt med 2 000 000 kr til landbruksformål og 3 000 000 kr samla til næringsutvikling, oppfølging av KPS og støtte til bustadformål. Formannskapet fordeler ramma mellom dei ulike tiltaka.
Ekstra løyving på 750 000 kr med finansiering frå næringsfondet.
6. Kommunestyret vedtak av avslutte - Støtteordning for naturfare frå og med budsjettåret 2026 ref. k.sak. 022/25, vedtak 022/25 og 25/126 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025
7. Kommunestyret vedtek avslutte ordning med støtte til private vegar, FS saksnr. 27/94. 24/149 Tilskot til private vegar Tilskot til private vegar
8. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei utgreiing av alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling.
Utgreiinga skal vurdere:
- Ei eventuell avvikling av hovudutvalet, og konsekvensane av dette.
- Organisatoriske endringar som kan bidra til betre funksjon, auka effektivitet og meir optimal utnytting av tilgjengelege ressursar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang arbeidet med revidering av kommunal planstrategi med mål om vedtak innan utgangen av 2026.

Administrasjonen bes i 2026 å sjå på behov, bruk, eigarskap og kostnader for kommunale bygg og samfunnshus. Evalueringa skal føre til ei sak til kommunestyret.

Avvikle hovudutval for levkår og likeverd. Sakene delegeres til formannskapet

tillegg til vedtak, fremja av Jørund Ødegård Lunde, Andre

All kommunal servering skal ha ein enkel og nøktern standard og vera i tråd med Innlandets Matløfte. Ved innkjøp skal ein velje løysingar som reduserer bruk av eingongsemballasje og matsvinn.

sak 075/25 tillegg, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Det settes inn kr 850 000 til moglegheitsstudie RA Tyinkryssset. Dette skal sjåast i samheng med resipientundersøking og kan såleis ikkje aktiverast før førebels resultat av denne foreligg i mars 2026. Tilleggsloøyvinga finansierast frå Næringsfondet.

Tillegg til vedtak, fremja av Erlend Haaverstad,

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan ta opp 3 millionar i lån knytt til prøveordninga for startlån til fyrstegongsetablerarar.

Forslag til endring punkt 8, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet
"Avvikle hovudutval for levekår og likeverd. Sakene delegeres til formannskapet" Strykes.
Punkt 8 skal også gjelde hovudutval for levekår og likeverd.

Budsjettbehandling, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

- Administrasjonen bes om å vurdere kommunens resultatmål i forhold til realismen i dagens økonomiske situasjon.
- Avsetning til omsorgsboliger på 13.0 mill skal og gjelde boliger etter vurdert behov
- Administrasjonen bes forberede sak om « Hytta som bolig » og forutsetninger for dette

Kveldsmøte, fremja av Asgrim Opdal, Bygdelista i Vang

Gå over til kveldsmøter for kommunestyret. Slik at ein sparer pengar i budsjettet og at det blir enklare å engasjere personer frå det private i lokalpolitikken.

Tillegg til vedtak frå Jørand Ødegård Lunde: Samrøystes vedteke

Tillegg til vedtak frå Tom Kjetil Tørstad: Vedteke med 2 stemmer mot, Björn Nylander og Jørand Ødegård Lunde

Tillegg til vedtak frå kommunedirektør Erlend Haaverstad: Samrøystes vedteke

Forslag til ending i punkt 8 frå Lars Østbye Hemsing: Forslaget falt med 2 stemmer for Vidar Eltun og Elisabeth Myhre

Tillegg: budsjettbehandling frå Leif Solemsli:

Punkt 1: Samrøyste vedteke

Punkt 2: Falt med 2 stemmer for Leif Solemsli og Asgeir Opdal

Punkt 3: Samrøystes vedteke:

Tillegg: Kveldsmøte frå Asgrim Opdal: Falt med 2 stemmer for Solemsli og Opdal

Framlegg til vedtak, innstilling frå formannskapet med endringar: Samrøystes vedteke

KS - 075/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029 med rammevedtak på etatsnivå og investeringsbudsjett i sin heilheit.
2. Kommunestyret legg til grunn gebyrregulativ for 2026 og at sjølvkostområde innan vatn og avløp skal ha 100% dekning.
3. Kommunestyret vedtek ei låneramme for 2026 på 23.170.000 kr og 5.000.000 kr i startlån i Husbanken.
4. Kommunestyret vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i høve til eigedomsskattelova § 3 c. Eigedomsskatten skal vera 7 promille av takstverdet, jf. § 11 fyrste avsnitt.
5. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordning for bustadformål. Formannskapet gis fullmakt til å revidere retningslinja for tildeling.
Post 5 under Næring og bustadtiltak, ansvar 50, ramme for tilskott etter søknad: Det settast av totalt 5 000 000 kr fordelt med 2 000 000 kr til landbruksformål og 3 000 000 kr samla til næringsutvikling, oppfølging av KPS og støtte til bustadformål. Formannskapet fordeler ramma mellom dei ulike tiltaka.
Ekstra løyving på 750 000 kr med finansiering frå næringsfondet.
6. Kommunestyret vedtak av avslutte - Støtteordning for naturfare frå og med budsjettåret 2026 ref. k.sak. 022/25, vedtak 022/25 og 25/126 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025 Kommunal støtteordning - Kartlegging av naturfare 2025
7. Kommunestyret vedtek avslutte ordning med støtte til private vegar, FS saksnr. 27/94. 24/149 Tilskot til private vegar Tilskot til private vegar

8. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei utgreiing av alternativer for organisasering av dagens hovudutval for utvikling.

Utgreiinga skal vurdere:

- Ei eventuell avvikling av hovudutvalet, og konsekvensane av dette.
- Organisatoriske endringar som kan bidra til betre funksjon, auka effektivitet og meir optimal utnytting av tilgjengelege ressursar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren sette i gang arbeidet med revidering av kommunal planstrategi med mål om vedtak innan utgangen av 2026.

Administrasjonen bes i 2026 å sjå på behov, bruk, eigarskap og kostnader for kommunale bygg og samfunnshus. Evalueringa skal føre til ei sak til kommunestyret.

Avvikle hovudutval for levekår og likeverd. Sakene delegeres til formannskapet.

All kommunal servering skal ha ein enkel og nøktern standard og vera i tråd med Innlandets Matløfte.

Ved innkjøp skal ein velje løysingar som reduserer bruk av eingongsemballasje og matsvinn.

Det settes inn kr 850 000 til moglegheitstudie RA Tyinkrysset. Dette skal sjåast i samheng med resipientundersøking og kan såleis ikkje aktiverast før førebels resultat av denne forelegg i mars 2026. Tilleggslyvinga finansierast frå Næringsfondet.

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan ta opp 3 millionar i lån knytt til prøveordninga for startlån til fyrstegangsetablerarar.

- Administrasjonen bes om å vurdere kommunens resultatmål i forhold til realismen i dagens økonomiske situasjon.
- Administrasjonen bes forberede sak om « Hytta som bolig » og forutsetningar for dette

076/25 Reglement for finansforvaltning i Vang kommune

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar revidert reglement for finansforvaltning

- Oppdatert reglementet trer i kraft frå 1.januar 2026
- Kommunedirektøren gis fullmakt til å gjennomføre finansforvaltninga innanfor dei rammer som reglementet fastset.
- Reglementet skal vurderast og eventuelt bli revidert minst éin gong i kvar valperiode.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 076/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtar revidert reglement for finansforvaltning

- Oppdatert reglementet trer i kraft frå 1.januar 2026
- Kommunedirektøren gis fullmakt til å gjennomføre finansforvaltninga innanfor dei rammer som reglementet fastset.
- Reglementet skal vurderast og eventuelt bli revidert minst éin gong i kvar valperiode.

077/25 Deltakelse forsøksordning førstegangsetablerarar startlån fra Husbanken

Framlegg til vedtak:

Vang kommunestyre vedtek at Vang kommune søker om å bli med på prøveordninga **Startlån til førstegongsetablerarar for året 2026.**

Vang kommunestyre vedtek **retningslinjer om startlån til førstegongsetablerarar**

11.12.2025 Kommunestyret**Behandling**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 077/25 Vedtak:

Vang kommunestyre vedtek at Vang kommune søker om å bli med på prøveordninga **Startlån til førstegongsetablerarar for året 2026.**

Vang kommunestyre vedtek **retningslinjer om startlån til førstegongsetablerarar**

078/25 Innfriing av sertifikatlån - ekstraordinært avdrag**Framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å innfri sertifikatlån i Nordea på 10.000.000 kr .
2. Kommunestyret vedtek slik budsjettendring :
 - D 0510.880.810.900 10.000.000
 - K 0910.880.810.900 10.000.000

11.12.2025 Kommunestyret**Behandling**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 078/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å innfri sertifikatlån i Nordea på 10.000.000 kr .
2. Kommunestyret vedtek slik budsjettendring :
 - D 0510.880.810.900 10.000.000
 - K 0910.880.810.900 10.000.000

079/25 Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune**Framlegg til vedtak:**

Vang kommune vedtek Kommunedelplan for naturmangfald (2025-2033).

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Tilbakesending, fremja av Marit Andrisdotter Kvam, Senterpartiet
Kommunedelplan for naturmangfald sendes attende til administrasjon for retting og presiseringar slik at planen er i tråd med vedtaka i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Marit Andrisdotter Kvam (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet, ho vart erklært habil og deltok i handsaming av saka - Samrøystes vedteke
Nytt framlegg til vedtak - tilbakesending frå Marit Andrisdotter Kvam (SP): Samrøystes vedteke

KS - 079/25 Vedtak:

Kommunedelplan for naturmangfald sendes attende til administrasjon for retting og presiseringar slik at planen er i tråd med vedtaka i kommuneplanen sin samfunnsdel.

080/25 Temaplan vassmiljø - sluttbehandling

Framlegg til vedtak

Vang kommune vedtek Temaplan for vassmiljø (2026-2037).

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 080/25 Vedtak:

Vang kommune vedtek Temaplan for vassmiljø (2026-2037).

081/25 Sluttbehandling - Detaljregulering for Målnes - planid 2023004

Framlegg til vedtak

Vang kommune vedtek «Detaljregulering Målnes» med planID: 2023004 etter plan- og bygningsloven § 12-12 jf. naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12 og vassforskrifta § 12.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 081/25 Vedtak:

Vang kommune vedtek «Detaljregulering Målnes» med planID: 2023004 etter plan- og bygningsloven § 12-12 jf. naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12 og vassforskrifta § 12.

082/25 Fiskefondet for Bygdin - overføring av fond

Framlegg til innstilling til kommunestyret :

Vang kommune vedtek at fiskefondet for Bygdin-reguleringa blir overført frå Vang kommune til Bygdin fiskeforening. Vedtaket vert effektivt etter at Bygdin fiskeforening er formelt oppretta, og organisasjonsnummer og nye vedtekter er oversendt til kommunen.

Vervet til dei fire representantane i styret som er vedtatt i kommunestyret (sak KS-123/23) vil opphøre når fiskeforeninga har valt sitt eige styre.

11.12.2025 Kommunestyret**Behandling**

Björn Nylander stilte spørsmål om sin habilitet, har vart erklært habil og deltok i handsaming av saka: Samrøystes vedteke

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 082/25 Vedtak:

Vang kommune vedtek at fiskefondet for Bygdin-reguleringa blir overført frå Vang kommune til Bygdin fiskeforening. Vedtaket vert effektivt etter at Bygdin fiskeforening er formelt oppretta, og organisasjonsnummer og nye vedtekter er oversendt til kommunen.

Vervet til dei fire representantane i styret som er vedtatt i kommunestyret (sak KS-123/23) vil opphøre når fiskeforeninga har valt sitt eige styre.

083/25 Søknad om status som nasjonalparkkommune - Vang kommune.**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek i samsvar med nyleg vedteken KPS at at Vang kommune skal søkje Miljødirektoratet om status som nasjonalparkkommune.

1. Kommunen forpliktar seg til å oppfylle kriterie for ordninga og innarbeide relevante tiltak i kommuneplanen ved første revisjon.
2. Kommunedirektør får fullmakt til å utarbeide og sende søknad til Miljødirektoratet.

11.12.2025 Kommunestyret**Behandling**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 083/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek i samsvar med nyleg vedteken KPS at at Vang kommune skal søkje Miljødirektoratet om status som nasjonalparkkommune.

1. Kommunen forpliktar seg til å oppfylle kriterie for ordninga og innarbeide relevante tiltak i kommuneplanen ved første revisjon.
2. Kommunedirektør får fullmakt til å utarbeide og sende søknad til Miljødirektoratet.

084/25 Møteplan kommunestyret og formannskapet 2026

Framlegg til vedtak:

Formannskapet:	Kommunestyret:
Torsdag 22.januar	Torsdag 5.februar
Torsdag 5.mars	Torsdag 19.mars
Torsdag 23.april	Torsdag 7.mai
Torsdag 4.juni	Torsdag 28.mai (Med budsjettkonferanse og rammevedtak)
Torsdag 3.september	Torsdag 18.juni
Torsdag 1.oktober	Torsdag 24.september
Torsdag 5. november	Torsdag 22.oktober
Torsdag 3.desember	Torsdag 19.november
	Torsdag 17.desember
• Torsdag 29. januar (Folkevaldmøte) • Torsdag 16. april (Folkevaldmøte) • Fredag 27.august (Folkevaldmøte)	

Kommunestyret opnar for ei prøveordning med politisk-administrativt arbeidsmøte same dag som kommunestyremøta. Ordninga evaluerast mot slutten av 2026.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Prøveordning, fremja av Steinar Frøyen, Arbeiderpartiet
Prøveordning med formøte tas ut.

sak 084/25 Endring, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
-Møteplan som i forslaget til ordfører.

-Prøveordning med politisk-administrativt arbeidsmøte innføres for året 2026. Det bestilles ei evaluering av ordninga til kommunestyremøte desember 2026.

Endringsforslag: prøveordning frå Steinar Frøyen: Falt med 7 stemmer for:

Jon Helge Solemsli
Steinar Frøyen
Unni Sandsengen
Elisabeth Myhre
Vidar Eltun
Tom Kjetil Tørstad
Asgrim Opdal

Endringsforslag: sak 084/25 Endring frå Tom Kjetil Tørstad: Vedteke med 1 stemme mot, Björn Nylander.

KS - 084/25 Vedtak:

Formannskapet:	Kommunestyret:
Fredag 16.januar	Torsdag 5.februar
Torsdag 5.mars	Torsdag 19.mars
Torsdag 23.april	Torsdag 7.mai
Onsdag 3.juni	Torsdag 28.mai (Med budsjettkonferanse og rammevedtak)
Tysdag 1.september	Torsdag 18.juni
Torsdag 1.oktober	Torsdag 24.september
Torsdag 5. november	Torsdag 22.oktober
Torsdag 3.desember	Torsdag 19.november
	Torsdag 17.desember
• Torsdag 29. januar (Folkevaldmøte) • Torsdag 16. april (Folkevaldmøte) • Fredag 27.august (Folkevaldmøte)	

Prøveordning med politisk-administrativt arbeidsmøte innføres for året 2026. Det bestilles ei evaluering av ordninga til kommunestytermøte desember 2026.

085/25 Val av nytt medlem til kontrollutvalet

Valnemnda sitt framlegg til nytt medlem og varamedlem:

Medlem: Toril Gulbrandsen

1. vara: Sander Eltun

2. vara: Sølvi Havro

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 085/25 Vedtak:

Medlem: Toril Gulbrandsen

1. vara: Sander Eltun

2. vara: Sølvi Havro

086/25 Søknad om fritak frå politiske verv

Framlegg til vedtak:

Marit Andrisdotter Kvam får fritak frå politiske verv frå 1.1.26 og ut valperioda:

Ny representant til kommunestyre: Camilla Bjone Hålien

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 086/25 Vedtak:

Marit Andrisdotter Kvam får fritak frå politiske verv frå 1.1.26 og ut valperioda:

Ny representant til kommunestyre: Camilla Bjone Hålien

087/25 Val av ny varaordfører og utvalsmedlemar

Framlegg til vedtak:

Ny varaordfører, vara i administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet:

Nytt medlem formannskapet og valstyret:

Nytt medlem valnemnda:

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Forslag frå Vang Senterparti, fremja av Camilla Bjone Hålien, Senterpartiet

Vang Senterparti legg fram følgende forslag:

- Ny varaordfører, vara i administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet : Kristin Bakke Lajord
- Nytt medlem formannskapet og valstyret: Kristin Bakke Lajord
- Nytt medlem valnemnda: Ingvild Oldre Heggom

På grunn av doble verv for nåværande nestleiar i HUU, Kristin Bakke Lajord, så legg også Vang Senterparti fram følgende forslag:

- Nytt medlem i Hovudutval for utvikling: Jørgen Andrisson Kvam
- Ny nestleiar i hovudutval for utvikling: Camilla Bjone Hålien

Nytt framlegg til vedtak frå Camilla Bjone Hålien: Samrøystes vedteke

KS - 087/25 Vedtak:

Vang Senterparti legg fram følgende forslag:

- Nytt medlem formannskapet og valstyret: Kristin Bakke Lajord
- Ny varaordfører, vara i administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet : Kristin Bakke Lajord
- Nytt medlem valnemnda: Ingvild Oldre Heggom

På grunn av doble verv for nåværande nestleiar i HUU, Kristin Bakke Lajord, så legg også Vang Senterparti fram følgende forslag:

- Nytt medlem i Hovudutval for utvikling: Jørgen Andrisson Kvam
- Ny nestleiar i hovudutval for utvikling: Camilla Bjone Hålien

088/25 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 088/25 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering